



ÅMLI KOMMUNE

- BYGDA FOR ALLE



## Vedtekter for SFO - Skolefritidsordninga

Gjeldande frå 1. januar 2021

Vedteke i kommunestyret 17. desember 2020

# INNHALD:

§ 1	Eigarforhold .....	3
§ 2	Formål .....	3
§ 3	Opptaksmyndigheit.....	3
§ 4	Søknad, opptakskriterium og inntak .....	3
§ 5	Opptaksperiode og oppseiing av skolefritidsplassen .....	3
§ 6	Foreldrebetaling .....	3
§ 7	Leike- og opphaldsareal .....	4
§ 8	Dagleg oppholdstid, årleg opningstid og feriar .....	4
§ 9	Bemanning og leiing .....	5
§10	Budsjett.....	6

## § 1 Eigarforhold

Åmli kommune eig og driv skolefritidsordninga (SFO) i Åmli kommune.

## § 2 Formål

*«Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.*

*Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.»* jf. Opplæringsloven § 13.7.

Kapittel 9A i Opplæringsloven, «Elevane sitt skolemiljø», gjeld òg for skolefritidsordninga.

## § 3 Opptaksmyndigheit

Opptak av barn til SFO foretas av rektor i samråd med dagleg leiar.

## § 4 Søknad, opptakskriterium og inntak

Søknadsfrist er 1. mars.

Søknadar som kjem etter fristen har gått ut blir bare imøtekome dersom det er plass og det ikkje krev ekstra bemanning.

Søknad om opptak skjer på elektronisk søknadsskjema.

## § 5 Opptaksperiode og oppseiing av skolefritidsplassen

Tildelte plassar er gjeldande ut 4. klasse, eller til plassen blir sagt opp/endra.

Oppseiing/utmelding av SFO skal vere skriftleg og skjer på elektronisk skjema.

Oppseiingstida er ein måned. Oppseiinga vert rekna frå den 1. i komande måned etter oppseiing. Det vert fakturert for oppseiingsmånaden.

Søknad om endring av opphaldstid skal vere skriftleg og skjer på elektronisk skjema.

Endringa vert rekna frå den 1. i komande måned etter søknaden er innvilga.

Som hovudregel kan ein ikkje seie opp eller endre plassen etter 31. mars utan særlege grunnar (flytting, langvarig sjukdom eller arbeidsløyse). Vert plassen sagt opp etter 31. mars må ein betale til og med juni måned.

Rektor avgjer dette i samråd med dagleg leiar.

## § 6 Foreldrebetaling

Kommunestyret fastsett betalingsattsar for opphald og kost i SFO. Betalingsattsane blir som hovudregel vurdert årleg i samband med budsjettbehandlinga.

Dei gjeldande satsane for opphald og kost ligg på heimesida til Åmli kommune [www.amli.kommune.no](http://www.amli.kommune.no).

Ein betaler for 10 terminar per år fordelt med fire terminar om hausten og seks terminar om våren. Betalinga skjer den 30. i kvar termin. Åmli kommune har fakturagebyr på utsendt faktura.

Søskenmoderasjon er 30% for barn nummer to og 75% for tredje eller fleire barn.  
Viss søsken har ulik opphaldstid, er det barnet med lengst opphaldstid som betaler full sats.

Det er ikkje mogleg å ha eit tilbod med ulike dagar eller ulikt tal på dagar i odde- og partalsveker.

Får ein tildelt plass den 1. i månaden, må ein betale for heil månad. Får ein tildelt plass den 15., vert det betalt for halv månad.

Kjøp av enkeltdagar vert prisa separat. Gjeldande satsar ligg på heimesida til Åmli kommune. Det er ikkje søskenmoderasjon på kjøp av enkeldaga.

Ved for sein henting av barn blir føresette fakturert med kr. 100,- per påbyrja kvarter.

### **Moderasjonsordningar i SFO**

Jf. Forskrift til Opplæringsloven § 1B-1 Skolefritidsordninga, kan føresette søke om redusert foreldrebetaling. Skattemelding for siste året må ligge ved søknaden som dokumentasjon. Vedtak om redusert foreldrebetaling gjeld for søknader før 1. august frå 1. august og ut skuleåret. Vedtak for søknader etter 1. august gjeld frå første heile månad etter søknadstidspunktet og ut skuleåret. Søknad om redusert foreldrebetaling skjer på elektronisk søknadsskjema.

Jf. Forskrift til Opplæringsloven § 1B-3 Skolefritidsordninga har barn med særskilde behov på 5.-7. årstrinn krav på gratis skolefritidsordning.

## **§ 7 Leike- og opphaldsareal**

SFO på Åmli skule held til i eiga lokale i småskulebygget på Åmli skule. I tillegg kan andre rom på Åmli skule bli nytta til aktivitetar innandørs. Uteområdet til Åmli skule blir nytta til uteaktivitetar. SFO kan og legge til rette for aktivitetar utanfor området til skulen.

SFO på Dølemo held noe til i barnehagen sine lokale og noe i skulen sine lokale på Dølemo Oppvekstsenter. Uteområdet til Dølemo Oppvekstsenter blir nytta til uteaktivitetar. SFO på Dølemo kan og legge til rette for aktivitetar utanfor området til oppvekstsenteret.

## **§ 8 Dagleg opphaldstid, årleg opningstid og feriar**

Oppstart for nytt SFO-år er 1. august eller næraste påfallande verkedag.

### **Dei ulike tilboda ein kan nytte:**

Morgon og ettermiddag: 1-5 dagar i veka

Berre morgon: 1-5 dagar i veka

Berre ettermiddag: 1-5 dagar i veka

Korte skuledagar kan ein velje mellom to ulike alternativ på ettermiddagen.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Morgon	1,25 timar	1,25 t	1,25 t	1,25 t	1,25 t
Ettermiddag 1	2,42 timar	2,42 t	4,25 t	2,42 t	2,42 t
Ettermiddag 2 (tilrettelagt slik at ein kan ta buss heim kl. 15.00)			2,75 t		

\*Ein vert fakturert for heile opningstilbodet i tilbodet ein vel.

SFO har opningstid frå kl. 07.15 til skulestart og frå skuleslutt til kl.16.30.

På opningsdagar i skulen sine feriar og ein av skulen sine planleggingsdagar held SFO ope heile dagen frå kl.07.15 til 16.30. Rektor fastset kva for ein av skulen sine planleggingsdagar SFO held ope.

Med skulen sine feriar meiner ein haust- og vinterferie, samt jule- og påskeferie utover dei offentlege høgtidsdagane.

Ønsker ein å nytte eit tilbod på SFO i skulen sine feriar og planleggingsdag, må ein betale ekstra for dette ved kjøp av enkeltdagar. Det er berre dei som allereie har SFO-plass som kan søke om plass i skulen sine feriar eller planleggingsdag.

SFO kan, dersom det er få barn som nyttar tilbodet i skulen sin feriar og planleggingsdagar, samordne sitt tilbod ved SFO på Åmli skule, eventuelt med dei kommunale barnehagane i Åmli.

SFO er stengt heile juli månad, julaften, nyttårsaften og onsdag før skjærtorsdag og fem avtalebestemte planleggingsdagar.

Om ein skal nytte SFO tilbodet i skulen sine feriar eller planleggingsdag skal ein melde på eleven i god tid før ferien eller planleggingsdagen. Det er bindande påmelding, og det må betalast for påmeldt tilbod.

## § 9 Bemanning og leing

SFO-tilbodet er fagleg administrativt underlagt og lokalisert til Åmli skule. Rektor har det overordna pedagogiske, administrative og økonomiske ansvaret for SFO.

Rektor kan delegere den daglege drifta av SFO til ein dagleg leiar. Dagleg leiar skal ha høgare pedagogisk utdanning.

I samarbeid med rektor utarbeider dagleg leiar årlege budsjett, årsplanar og ordensreglement for verksemda.

Det er rektor sitt ansvar at det er eit tett samarbeid mellom leiinga i skulen og daglege leiar av SFO.

Rektor er ansvarleg for at bemanninga er forsvarleg, og det skal normalt ikkje vere fleir enn 12 barn per vaksen.

Det kan søkjast til oppvekstleiar om ekstra ressursar til barn med spesielle behov. Søknaden må ha vedlagt sakkyndig vurdering.

Foreldreutvalet og Samarbeidsutvalet ved Åmli skule og Dølemo Oppvekstsenter tek i vare brukarutvalsfunksjonane i saker som gjeld SFO. Føresette med barn i SFO er representativt valbare til desse utvala.

Ein representant for dei tilsette i SFO kan delta i skulen sine personalmøte med generell uttalerett og med fulle rettigheter i saker som gjeld SFO.

## §10 Budsjett

Endring i vedtektene blir vedtatt i kommunestyret. Endringar av vedtektene blir gjort gjeldande frå 1. august, viss ikkje kommunestyret avgjer noko anna.

